

**Arkiv:** <arkivID><jplID>  
GBNR-351/1, FA-L42  
**JournalpostID:**  
**Sakshandsamar:**  
**Dato:** 24.05.2023

Saksframlegg

Saksnr.	Utval	Møtedato
089/23	Utval for areal, plan og miljø	07.06.2023

**Klage på dispensasjon for etablering av køyreveg - gbnr 351/1 Landsvik  
KOMMUNEDIREKTØREN SITT FRAMLEGG TIL VEDTAK**

Klagen frå Statsforvaltaren i Vestland i sak 22/2823, dater 20.04.2023, vert delvis teke til følgje.

Nytt vedtak i saka skal lyde:

«Det gis dispensasjon frå § 29-4 avstandskrav for oppføring av veg. Vedtaket har heimel i plan- og bygningslova § 19-2. Følgjande vilkår ligg til grunn for vedtaket:

- Næraste avstand frå avkøyrsløse med tilhøyrande grøft skal ikkje vere mindre enn 0,5 meter til nabogrense mot gbnr 351/56.
- Revidert kart med påvist ny avstand skal sandast inn før byggjearbeid skal startast ved innvilga dispensasjon frå planføremål og byggeløyve.»

Søknad om dispensasjon frå planføremål LNF-område for etablering av veg vert avslått. Vedtaket er har heimel i plan- og bygningslova § 19-2.»

Grunngjevinga går fram av saksutgreiinga.

Heimel for vedtaket er forvaltningslova § 33, jf. plan- og bygningslova § 19-2.

**Utval for areal, plan og miljø 07.06.2023:**

**Handsaming:**

**Framlegg frå Sveinung Toft:**

Klagen frå Statsforvaltaren i Vestland i sak 22/2823, datert 20.04.2023, vert ikkje teke til følgje.

Vedtak gjort av utval for areal, plan og miljø i møte 08.02.2023 med saksnr. 023/23 vert oppretthalde.

Framlegget vart samrøystes vedteke.

Kommunedirektøren sitt framlegg fekk ingen røyster og fall.

**APM- 089/23 Vedtak:**

Klagen frå Statsforvaltaren i Vestland i sak 22/2823, datert 20.04.2023, vert ikkje teke til følgje. Vedtak gjort av utval for areal, plan og miljø i møte 08.02.2023 med saksnr. 023/23 vert oppretthalde.

**Saksopplysningar**

APM saknr. 023/23

Tiltak: Etablering av veg/avkøyrse

Søknadstype: Dispensasjon og søknad om tiltak

Eigedom: Gbnr 351/1 – landbrukseigedom bebygd med våningshus

Adresse: Landsvik 27, 5917 Rosslund

Tiltakshavar/eigar: Hege Landsvik frå 07.06.2021

Nabo: gbnr 351/56 - Arnt Landsvik

Klagar: Statsforvaltaren i Vestland

Uttale til klage: tiltakshavar

Saka gjeld klage på vedtak av 08.02.2023 fatta av utval for areal, plan og miljø (APM) om dispensasjon frå LNF føremålet, føresegn 3.2 i kommunedelplanen sin arealdel for Meland samt løyve til etablering av veg samt dispensasjon frå avstandskrav i pbl. § 29-4 for etablering av veg.

Vedtaket av 08.02.2023 har følgjande ordlyd:

**«APM- 023/23 Vedtak:**

Klagen frå tiltakshavar i sak 22/2823 med saknr. 804/22 datert 25.07.2022, med avslag på søknad om dispensasjon frå LNF føremålet og føresegn 3.2 i kommunedelplanen sin arealdel for Meland (om at det ikkje kan «byggast på samanhengande innmarksbeite») samt avslag på søknad om etablering av veg - gbnr 351/1 Landsvik, vert teken til følgje.

Søknad om dispensasjon i medhald av pbl sin §19-2 frå planføremål LNF-område og dispensasjon frå § 29-4 avstandskrav for oppføring av veg vert godkjent. Vedtaket har heimel i plan- og bygningslova § 19-2.

Søknad om løyve til oppføring av køyreveg vert godkjent. Dette vedtaket har heimel i plan- og

bygningslova §§ 20-1, 20-3.

Grunngjeving går fram av punkta nedunder:

- Eigedomen er sikra lovleg tilkomst til offentleg veg via privat veg. Kommunen legg til grunn at eksisterande avkøyrsløse til offentleg veg er godkjent av vegstyremakta før, og at det ligg føre tinglyst avtale/avtale om vegrett for eksisterande hytter.

- APM meiner at tiltaket kan få gode visuelle kvalitetar både i seg sjølv, og i høve til tiltaket sin funksjon, bygde og naturlege omgjevnader og plassering. Når det gjeld visuelle kvalitetar har ansvarleg søker opplyst at det vert minimalt med terrengingrep. Det vert vektlagt at vegen også vil gå parallelt med eksisterande steinmur, og at denne ikkje vert berørt av tiltaket.

- Sidan vegen vil verta liggjande nært opp til grensa til naboeigedomen og steingarden, vert det ikkje oppsplitting av beitet i særleg grad. Jordmassar frå avgravinga skal nyttast til å forbetre beitet der det er berg i dagen i beiteområdet.

- Den nye tilkomstvegen vil styrka trafikktryggleiken på staden, ved at den vil gå utanom tunet til nabobruket på bnr 3.

På bakgrunn av dette meiner APM at fordelane ved å gje dispensasjon er klart større enn ulempene etter ei samla vurdering. Vidare meiner APM at dei omsyna som ligg bak føresegna det vert dispensert i frå i lova si føremålsvilkår ikkje vert vesentleg sett til side på grunn av omsøkt tiltak.

Utval for areal, plan og miljø gjev dispensasjon frå § 29-4 om avstandskrav, for oppføring av veg. Vedtaket her er heimla i plan- og bygningslova § 19-2. Følgjande vilkår ligg til grunn for denne delen av vedtaket:

- Næraste avstand frå avkøyrsløse med tilhøyrande grøft skal ikkje vere mindre enn 0,5 meter til nabogrense mot gbnr 351/56. .

- Revidert kart med påvist ny avstand skal sendast inn før byggjearbeid skal startast ved innvilga dispensasjon frå planføremål og byggeløyve.”

### **Vegens utforming og plassering**

Vegen er på situasjonskartet av 02.06.2022 vist å vere ca. 60+ meter lang med 3 meters vegbreidde og krevjar etablering av ny avkøyrsløse, sjå situasjonskart av 02.06.2022. Klagar opplyst at ny omsøkt veg, inkl. område mellom veg og nabogrense mot gbnr. 351/3, vil vere ca. 8 meter brei og 65 meter lang. Tilsaman utgjer dette ca. 520m<sup>2</sup>.

Søknaden omfattar grunn- og terrengarbeid, samt etablering av ny avkøyrsløse og opparbeiding av intern veg. Veg med avkøyrsløse ligg delvis på gbnr 351/3 og 351/56. Det ligg føre samtykke frå eigar av gbnr 351/3, men det er søkt dispensasjon frå avstandskrav når det gjeld gbnr 351/56.

I søknaden opplyst klagar at det er opna for fråskiljing av 4 tomtar i området SB\_21 (avsett til LNF spredt bustad). Gbnr 351/1 ønsker skilje frå 2 tomtar. Eigedomen har vegrett frå løe, nordvestover og til kommunal veg. Denne vegretten relaterer seg til en gjengrodd kjerreveg som ikkje kan nyttast av køyretøy, ca. 200 meter i lengde. Kjerrevegen vert for kostbar å oppruste til dagens standard.

Gbnr 351/1 nyttar difor i dag ein annan oppgradert veg frå løe og sør/øst, inn på gbnr 351/3 (landbrukseigedom med våningshus og landbruksbygningar) og vidare gjennom tunet til eigar. Eigar gir ikkje

vegrett til to nye tomter med omsyn til auke trafikk gjennom tunet som opplevast som forstyrrende. Gbnr 351/1 ønskjer no å leggje om dagens veg som også vil inkludere dei to framtidige fråskilde tomtane. Samtykkje frå involverte partar ligg føre.

Etablering/omlegging av veg vil gjelde for hytte på gbnr 351/1, 3 hytter på gbnr 351/3 samt for to nye tomter som er ønsket frådelt i framtida.

## **Historikk**

Saka har vore handsama av APM 2 gargar tidlegare. Først vart saka utsatt for synfaring, så var APM på synfaring før møtet den 08.02.2023 med påfølgande vedtak 023/23 om å gi dispensasjon og løyve.

Saksgang er som følger:

Alver kommune har i vedtak av 25.07.2022 gitt avslag på søknad om dispensasjon frå LNF-føremålet og plan- og bygningslova (pbl.) §29-4 for etablering av veg, jf. pbl. §19-2. Det var i same vedtak gjeve avslag på søknad om etablering av veg, jf. pbl. §§ 20-1 og 20-3.

Dette vedtaket vart påklaga av tiltakshavar, Hege Landsvik, i skriv av 11.08.2022.

Klagen på avslaget frå tiltakshavarar vart tatt delvis til følge i vedtak med tittelen «Behandling av klage – Dispensasjon § 29-4 – gbnr 351/1 Landsvik». Alver kommune gav tiltakshavar dispensasjon frå avstandskrav i pbl. § 29-4 for etablering av veg i dette vedtaket.

Klagen på avslag på dispensasjon frå LNF-føremålet vart ikkje handsama, men opplyst at denne skal handsamast i politisk utval. Klagen på avslaget på søknaden om etablering av veg, jf. pbl. §§ 20-1 og 20-3, vart ei heller handsama då denne krev dispensasjon frå LNF-føremålet i tillegg til dispensasjon frå pbl. § 29-4.

### Nr 1. Klage frå tiltakshavar, Hege Landsvik:

Det lå føre klage frå tiltakshavar, Hege Landsvik, i skriv av 11.08.2022 på vedtaket om avslag på søknad om dispensasjon frå LNF-føremålet, jf. pbl. §19-2 samt avslag på søknad om etablering av veg, jf. pbl. §§ 20-1 og

20-3. Det er ikkje mottatt uttale frå nabo.

#### Nr 2. Klage frå nabo, Arnt Landsvik:

Det lå føre klage frå nabo, Arnt Landsvik, på vedtaket om å ta klagen på avslaget delvis til følgje i vedtak med tittelen «Behandling av klage – Dispensasjon § 29-4 – gbnr 351/1 Landsvik. Alver kommune gav tiltakshavar dispensasjon frå avstandskrav i pbl. § 29-4 for etablering av veg. Det er mottatt uttale frå tiltakshavar.

Utval for areal, plan og miljø (APM) gav så ei samla vedtak for begge klagene i møte den 08.02.2023 med vedtak 023/23 og 024/23. Innhaldet i vedtaket finn vi i vedtak 023/23 og henvisning til eit samla vedtak for begge klagene, finn vi i vedtak 024/23.

#### **«APM- 023/23 Vedtak:**

Klagen frå tiltakshavar i sak 22/2823 med saknr. 804/22 datert 25.07.2022, med avslag på søknad om dispensasjon frå LNF føremålet og føresegn 3.2 i kommunedelplanen sin arealdel for Meland (om at det ikkje kan «byggast på samanhengande innmarksbeite») samt avslag på søknad om etablering av veg - gbnr 351/1 Landsvik, vert teken til følgje.

Søknad om dispensasjon i medhald av pbl sin §19-2 frå planføremål LNF-område og dispensasjon frå § 29-4 avstandskrav for oppføring av veg vert godkjent. Vedtaket har heimel i plan- og bygningslova § 19-2.

Søknad om løyve til oppføring av køyreveg vert godkjent. Dette vedtaket har heimel i plan- og bygningslova §§ 20-1, 20-3.

Grunngjeving går fram av punkta nedunder:

- Eigedomen er sikra lovleg tilkomst til offentleg veg via privat veg. Kommunen legg til grunn at eksisterande avkøyrsløp til offentleg veg er godkjent av vegstyremakta før, og at det ligg føre tinglyst avtale/avtale om vegrett for eksisterande hytter.

- APM meiner at tiltaket kan få gode visuelle kvalitetar både i seg sjølv, og i høve til tiltaket sin funksjon, bygde og naturlege omgjevnader og plassering. Når det gjeld visuelle kvalitetar har ansvarleg søkjar opplyst at det vert minimalt med terrenginngrep. Det vert vektlagt at vegen også vil gå parallelt med eksisterande steinmur, og at denne ikkje vert berørt av tiltaket.

- Sidan vegen vil verta liggjande nært opp til grensa til naboeigedomen og steingarden, vert det ikkje oppsplitting av beitet i særleg grad. Jordmassar frå avgravinga skal nyttast til å forbetre beitet der det er berg i dagen i beiteområdet.

- Den nye tilkomstvegen vil styrka trafikktryggleiken på staden, ved at den vil gå utanom tunet til nabobruket på bnr 3.»

På bakgrunn av dette meiner APM at fordelane ved å gje dispensasjon er klart større enn ulempene etter ei samla vurdering. Vidare meiner APM at dei omsyna som ligg bak føresegna det vert dispensert i frå i lova si føremålsvilkår ikkje vert vesentleg sett til side på grunn av omsøkt tiltak.

Utval for areal, plan og miljø gjev dispensasjon frå § 29-4 om avstandskrav, for oppføring av veg. Vedtaket her er heimla i plan- og bygningslova § 19-2. Følgjande vilkår ligg til grunn for denne delen av

vedtaket:

- Næraste avstand frå avkøyrsløse med tilhøyrande grøft skal ikkje vere mindre enn 0,5 meter til nabogrense mot gbnr 351/56. ·
- Revidert kart med påvist ny avstand skal sendast inn før byggjearbeid skal startast ved innvilga dispensasjon frå planføremål og byggeløyve.”

Utval for areal, plan og miljø (APM) i møte den 08.02.2023, har gjeve eit vedtak for begge klagen:

**«APM- 024/23 Vedtak:**

Dette vedtaket er gjort samla for sak 023/23 og sak 024/23.»

**Klage**

Kommunen har mottatt klage frå Statsforvaltaren i vestland over vedtak fatta av utval for areal, plan og miljø (APM) den 08.02.2023.

**Klagerett og klagefrist**

Statsforvaltaren i Vestland har klagerett som sektorstyresmakt.

Vedtaket av 08.02.2023 er sendt ut den 30.03.2023. Klagen er rettidig mottatt (innan rett tid) den 20.04.2023.

**Vidare sakshandsaming**

Om klagen ikkje vert teke til følgje vert saka sendt Statsforvaltaren i Vestland for endeleg avgjerd så snart møtebok ligg føre, og seinast innan 2 veker etter møtedato. Som følgje av at det er Statsforvaltaren i Vestland som er klagar, vert klagesaka vidaresendt til departementet for oppnemning av setjstatsforvaltar.

**Oversikt**

Oversikt over planstatus, krav til tal dispensasjonar, uttale frå annan styresmakt samt kart/foto vert å finne i tidlegare saksframlegg til APM møte den 08.02.2023.

**Klagegrunnar**

Klagen er i hovudsak grunngjeve med følgjande:

«Grunngjeving

Kommunen kan berre dispensere dersom omsynet bak føresegna det vert dispensert ifrå, omsyn til plan- og bygningslova sine formål eller nasjonale eller regionale interesser, ikkje vert vesentleg tilsidesette. I tillegg må fordelane ved å gi dispensasjon vere klart større enn ulempene, jf. plan- og bygningslova (pbl.) § 19-2 andre ledd.

Vi viser til vår uttale datert 16.05.2022, der vi mellom anna skreiv:

*«Den omsøkte vegen vil omdisponere mark som er registrert som innmarksbeite i makslagskart. Det er eit nasjonalt mål å omdisponere under 3000 daa dyrka mark årleg, og dette målet skal vere nådd innan 2025. Kommunen har eit klart ansvar for å nå dette målet. Vegen vil også splitte opp eit samanhengande område med innmarksbeite, noko som kan vere uheldig arealdisponering i eit langtidsperspektiv.*

*Kommunen må gjere ei grundig vurdering av landbruksomsyna i saka. Vi ber om å få saka til klagevurdering.»*

Den omsøkte vegen er planlagt i innmarksbeite på 9,6 daa, som er knytt til overflatedyrka jord på 2,1 daa. Opparbeiding av vegtilkomst vil omdisponere og splitte opp eit samanhengande landbruksområde. Landbruksavdelinga i kommunen opplyser mellom anna at dette er eit innmarksbeite som det har vorte gitt SMIL-midlar til å gjerda inn og rydda, og som er i full drift. Dei tilrår ikkje dispensasjon i saka, og meiner at omsyn til nasjonale jordvernsmål må vege tungt i denne saka. Statsforvaltaren er samd i denne vurderinga. Dette området ligg også i kjerneområde landbruk, ifølgje temakart som ligg som vedlegg i kommuneplanen for Meland.

Søklar opplyser at ny veg skal sikre tilkomst til to bustadtomter som tiltakshavar har tenkt å skilje ut i framtida, i tillegg til tilkomst for nokre fritidseigedomar. Vi forstår det slik at hovudproblemet er at tiltakshavar ikkje får vegrett for to nye einingar slik vegen går i dag. Det er ikkje opplyst kor ein har tenkt å dele i frå dei to bustadtomtene, og det er slik sett vanskeleg å vurdere nytten av omlegginga. Det ser i utgangspunktet ut som det vil vere vanskeleg å byggje to nye bustader med vegtilkomst på eigedomen, utan å omdisponere og splitte opp enda meir dyrka mark. Det ser difor ut som det vil vere naudsynt med fleire dispensasjonar for å kunne realisere nye bustader på eigedomen.

Det er, ut frå kravet til å ivareta landbruksomsyn i planlegginga, svært uheldig med ei bit for bit utbygging av landbruksareal. Om tiltakshavar ønskjer å dele i frå bustadtomter på eigedomen sin, må naudsynte tilkomstvegar vurderast saman med dette. Ein kan då i større grad vurdere dei beste løysingane, sjå den totale verknaden, og vurdere om dette LNF-spreidd området kan byggast ut i samsvar med kommuneplanen. Om dette ikkje er mogleg, må kommunen i kommuneplanprosessen vurdere å tilbakeføre arealet til LNF-formål, og eventuell sjå på andre område i nærleiken som eignar seg betre til formålet. LNF-spreidd området har lagt i kommuneplanen sidan 2005 (minimum), og jordvernålet er vesentleg innskjerpa sidan då.

Statsforvaltaren vurderer at LNF-formålet, føresegn 3.2 i kommuneplanen, og statlege mål om å omdisponere minst mogleg dyrka mark, vert vesentleg sett til side i denne saka. Vi kan heller ikkje sjå at fordelane, som er av privat karakter, vil vere klart større enn ulempene jf. pbl § 19-2. Lova sine vilkår for dispensasjon er slik vi ser det då ikkje oppfylte. Statsforvaltaren klagar difor på utval for areal, plan og miljø sitt vedtak 08.02.23, sak 023/23.

Statsforvaltaren ber om at vedtaket vert gjort om slik at det ikkje vert gitt dispensasjon, slik det er søkt om. Vi ber vidare om at vedtaket vert gitt utsett iverksetjing til klagesaka er avgjort, jf.

forvaltningslova § 42.»

Det vert vist til klagen i sin heilskap som følgjer vedlagt.

Uttalen er i hovudsak grunngjeve med følgjande:



1. *«Den omsøkte vegen er planlagt i innmarksbeite på 9,6 daa, som er knytt til overflatedyrka jord på 2,1 daa. Opparbeiding av vegtilkomst vil omdisponere og splitte opp eit samanhengande landbruksområde.»*

Kommentar:

- a. Der veien er planlagt er det stort sett fjellknauser og skrin jord på berg og et større område som ved nedbør oversvømmes med vann.
  - b. Kommunen skriver i sin grunngiving etter befaring på området følgende: Siden vegen vil bli liggende helt opp til grensen til naboeiendom og steingarden, blir det ikke oppsplitting av beitet i særlig grad. Jordmasser fra av graving skal nyttes til å forbedre beitet der det er berg i dagen i beiteområdet.
    - i. Vi mener at noen fra landbruks avdelingen burde komme på synfaring for å se hvor veien er planlagt og ikke bare se på kart, da dette gir et villedende inntrykk.
  - c. Den nye tilkomstvegen vil styrka trafikktryggleiken på staden, ved at den vil gå utenom tunet til nabobruket på gbr 3
  - d. Vi finner det merkelig at det ikke blir nevnt/hensyntatt følgende kommentar søker har gitt tidligere, om at tilkomstvei ifra nord til gbr. 351/1 kan innlemmes i innmark ved godkjenning av ny vei. Totalt areal for nordgående vei er klart større enn ny omsøkt vei.
2. *«Landbruksavdelinga i kommunen opplyser mellom anna at dette er eit innmarksbeite som det har vorte gitt SMIL-midlar til å gjerda inn og rydda, og som er i full drift. Dei tilrår ikkje dispensasjon i saka, og meiner at omsyn til nasjonale jordvernsmål må vege tungt i denne saka. Stasforvaltaren er samd i denne vurderinga.»*


Kommentar:

- a. Ut ifra overstående punkt ifra statsforvalteren så tolker vi det som at denne SMIL avtalen legger hindringer for oss for videre utvikling av eget område. Dagens kontrakt med mellom grunneier og leier utgår i disse dager. Vi har hatt stor glede av å ha dette samarbeide som har gagnet oss begge, men ettersom det virker som at avtalen legger hindringer for videre utvikling av området så må det vurderes om avtalen skal fornyes.

3. «Søkjar opplyser at ny veg skal sikre tilkomst til to bustadtomter som tiltakshavar har tenkt skilje ut i framtida, i tillegg til tilkomst for nokre fritidseigedomar. Vi forstår det slik at hovudproblemet er at tiltakshavar ikkje får vegrett for to nye einingar slik vegen går i dag. Det er ikkje opplyst kor ein har tenkt å dele i frå dei to bustadtomtene, og det er slik sett vanskeleg å vurdere nytten av omlegginga. Det ser i utgangspunktet ut som det vil vere vanskeleg å byggje to nye bustader med vegtilkomst på eigedomen, utan å omdisponere og splitte opp enda meir dyrka mark.»

Kommentar:

- a. Vi vil igjen fremheve kommunen sin kommentar mtp. Trafikksikkerhet gjennom gårdstunet til gbr 351.3 ved ny vei og mere trafikk.
- b. Sikring av vei til nye tomter har vært et tema, da det er nødvendig med vei rett for disse søknadene, dette er i alle fall slik vi har skjønnt dette.
- c. Tomtene vil bli søkt om med grense til eksisterende veier uten å måtte søke om dispensasjon. Dette må jo gjøres med hjelp fra kommunen.



Figur 1: Inntegnet kjerrevei med veirett som går over flere eiendommer nordvest over.

Gammel kjerrevei som er inntegnet er ikke vist på kart som er brukt i denne saken.  
NB. Inntegnet firkant øst for løe må ses bort fra.

## Konklusjon |

På bakgrunn av dette meiner vi at fordelene ved å gi dispensasjon er klart større enn ulempene etter en samlet vurdering. Videre meiner vi at de omsyn som ligger bak føresegna det blir dispensert i fra i loven sin foremålsvilkår ikke blir vesentlig satt til side på grunn av omsøkt tiltak.

Det vert vist til uttalen i sin heilskap som følgjer vedlagt.

## VURDERING

Kommunedirektøren viser til vurderinga som vart gjort ved handsaminga av søknaden og til vurderinga gjeve i begge saksframlegg til APM møte den 08.02.2023 og legg denne til grunn.

### Vurdering i klageomgangen

Det er ikkje noko nytt i saka. Klagen frå Statsforvaltaren inneheld ny argumentasjon som underbygger kommunedirektøren sitt opprinnelege avslag. Kommunedirektøren er einig med Statsforvaltaren om at vilkåra for å gje dispensasjon ikkje er tilstades. Dispensasjon kan difor ikkje gis.

Kommunedirektøren er imidlertid ikkje einig med Statsforvaltaren om å ikkje gje dispensasjon frå avstandskrav i pbl. § 29-4 for etablering av veg. Vi viser til vår tidlegare argumentasjon.

Subsidiært - APM finn at vilkåra for dispensasjon er stetta.

Dispensasjonen sin presedensverknad gjer at kommunen ikkje «kan» gje dispensasjon.

Klagen frå Statsforvaltaren i Vestland vert delvis teke til følge.

Nytt vedtak i saka skal lyde:

«Det gis dispensasjon frå § 29-4 avstandskrav for oppføring av veg. Vedtaket er har heimel i plan- og bygningslova § 19-2. Følgjande vilkår ligg til grunn for vedtaket:

- Næraste avstand frå avkøyrsløse med tilhøyrande grøft skal ikkje vere mindre enn 0,5 meter til nabogrense mot gbnr 351/56.
- Revidert kart med påvist ny avstand skal sandast inn før byggjearbeid skal startast ved innvilga dispensasjon frå planføremål og byggeløyve.»

Søknad om dispensasjon frå planføremål LNF-område for etablering av veg vert avslått. Vedtaket er har heimel i plan- og bygningslova § 19-2.»

## Konklusjon

Det er kommunedirektøren si vurdering at det har komen fram nye opplysningar i klagesaka som tilseier at klagen skal takast delvis til følgje og vedtaket gjerast om.

På denne bakgrunn rår kommunedirektøren til at klagen vert tatt delvis til følgje.

## Aktuelt regelverk

1. Den som er part eller som har rettsleg klageinteresse har rett til å klage over vedtaket, jf. forvaltningslovens § 28.
2. Klagefristen er tre veker frå den dag underretninga om vedtaket kom frem til parten. Det er tilstrekkeleg at klagen er postlagt innan fristens utløp. Dersom klagen kjem inn etter fristens utløp, vil den bli avvist. Klagen kan likevel tas under behandling når det ligg føre særlege grunner eller klager ikkje kan lastast for forseinkinga, jf. forvaltningslovens §§ 29, 30 og 31.
3. Dersom ein part meiner at vedtaket ikkje er grunngjeven, kan det settast fram krav om dette innan klagefristen utløp, jf. forvaltningslovens §§ 24 og 25.
4. Klagen må nemne det vedtaket det klagast over, kva som ønskes endra og vere underteikna av klagaren eller hans fullmektig. Klagen bør grunngjevast, jf. forvaltningslovens § 32.
5. Vedtaket kan gjennomførast sjølv om det er påklaga. Klager kan likevel be om å få utsatt iverksettinga av vedtaket, inntil klagefristen er ute eller klagen er avgjort. Statsforvaltaren kan på sjølvstendig grunnlag ta stilling til spørsmålet om utsatt iverksetting av vedtaket, jf. forvaltningslovens § 42.
6. Med visse begrensningar har partane rett til å sjå dokumentane i saka, jf. forvaltningslovens § 11.
7. Kommunen vil kunne gje nødvendig veiledning for at alle partar skal kunne ivareta sine interesser på best mogleg måte, jf. forvaltningslovens § 11.
8. Kommunen sin frist for å saksførebu klagesaka for klageorganet er 8 veker, jf. plan- og bygningslova § 21-8, jf. byggesaksforskrifta § 7-1 c.
9. Der Statsforvaltaren i Vestland er klagar, vert klagesaka vidaresendt til departementet for oppnemning av setjestatsforvaltar. Sakshandsamingsfrist for oppnemning av setjestatsforvaltar er 6 veker, jf. plan- og bygningslova § 21-8, jf. byggesaksforskrifta § 7-1 e.
10. Der vedtaket er endra til gunst for klager i klagesaken, er det adgang til å kreve dekning for nødvendige og vesentlege kostnader til advokat eller utgifter til annen juridisk bistand. Kravet må vere framsett innan tre veker etter at underretning om det nye vedtaket er kome frem til klager, jf. forvaltningslovens § 36.
11. Søksmål om gyldigheten av vedtaket, eller krav om erstatning som følgje av vedtaket, kan ikkje reisast utan at ein har brukt sin adgang til å klage på vedtaket og klagen er avgjort av høgste klageinstans. Søksmål kan likevel reisast når det er gått 6 månader frå klage fyrste gang ble framsett og det ikkje skyldast forsømmelse frå klagars side at klageinstansens avgjerd ikkje ligg føre, jf. forvaltningsloven § 27 b.

## Vedlegg i saken:

19.05.2023	Uttale på klage fra statsforvalteren - gbnr 351/1 Landsvik	1929879
24.04.2023	Klage på dispensasjon for veg - Alver - gbnr 351/1 Landsvik	1915477
09.02.2023	Klage på vedtak om å ta klagen på avslag på søknad om dispensasjon frå avstandskrav i pbl. § 29-4 for etablering av veg til følgje - gbnr 351/1 Landsvik	1861295
27.05.2022	Uttale frå landbruk til søknad om dispensasjon LNF til	1745538

	bygging av veg - gbnr 351/1 Landsvik	
18.05.2022	Uttale - gbnr 351/1 Landsvik - dispensasjon - veg	1740708
18.05.2022	Uttale - dispensasjon for veg i LNF-område - gbnr. 351/1 Landsvik	1740482
13.05.2022	Nabomerknad til dispensasjonssøknad - gbnr 351/1 Landsvik	1739262
29.03.2022	Søknad om løyve til tiltak - gbnr 351/1 Landsvik	1715702
29.03.2022	Søknad om dispensasjon	1715706
29.03.2022	følgebrev - søknad om løyve	1715703
29.03.2022	Opplysninger gitt i nabovarsel	1715721
29.03.2022	Kvittering Nabovarsel	1715707
29.03.2022	Svar på nabovarsel	1715708
29.03.2022	Svar på nabovarsel	1715709
29.03.2022	Situasjonsplan	1715710
29.03.2022	Tegning NyttSnitt_E-1	1715711
29.03.2022	Tegning Nytt Snitt_E-2	1715712
29.03.2022	Erklæring om rettighet i fast eiendom	1715715
26.07.2022	Avslag på søknad om dispensasjon og byggetiltak - veg - gbnr 351/1 Landsvik	1778305
20.06.2022	Situasjonsplan_D-1.pdf	1757969
20.06.2022	Situasjonsplan_D-2.pdf	1757970
20.06.2022	Tegning NyttSnitt_D-2.pdf	1757971
29.03.2022	Gjennomføringsplan	1715719
20.06.2022	Supplering av søknad - gbnr 351/1 Landsvik	1757958
20.06.2022	Dispensasjonssøknad_B-2.pdf	1757961
20.06.2022	Dispensasjonssøknad_B-2.pdf	1757964
20.06.2022	Dispensasjonssøknad_-bilde D1.pdf	1757962
20.06.2022	Dispensasjonssøknad_Bilde D-2.pdf	1757963
20.06.2022	Opplysninger gitt i nabovarsel.pdf	1757975
20.06.2022	Kvittering Nabovarsel.pdf	1757965
20.06.2022	Nabomerknader	1757966
20.06.2022	Nabomerknader	1757967
20.06.2022	Nabomerknader	1757968
20.06.2022	Samtykke 4-metersgrense	1757959
20.06.2022	Følgebrev	1757972
20.06.2022	Vedleggsopplysninger.pdf	1757976
02.01.2023	Svar på brev fra Alver Kommune datert 19.12.2022	1858515
26.09.2022	Klage på dispensasjonsvedtak - gbnr 351/1 Landsvik	1808933
07.09.2022	Behandling av klage - Dispensasjon § 29-4- veg - gbnr 351/1 Landsvik	1795781
12.08.2022	Klage på avslag på søknad om dispensasjon – veg – gbnr 351/1 Landsvik	1784886
12.08.2022	klage på avslag.pdf	1784887
09.02.2023	Klage på vedtak om avslag på søknad om dispensasjon frå LNF føremålet, føresegn 3.2 i kommunedelplanen sin arealdel for Meland samt avslag på søknad om etablering av veg - gbnr 351/1 Landsvik	1861294